

UNGDOM
STRAFF
UTDANNING
YRKESVALG



Sverre Thune

UNGDOM - STRAFF - UTDANNING - YRKESVALG
AV
SVERRE THUNE
(pensjonert høgsterettsadvokat)

Del 1

1. Innleiing.

Gjer du noko som er ulovleg vil det kunne føre med seg ein eller annan reaksjon. Er du i tvil om det du vil gjera er lovleg bør du undersøke det nøye på førehand. Gjer du det vil du kunne unngå problem. Køyrrer du bil veit du at det er ulovleg å bryte fartsgrensa. Likeeins veit du at bruk av narkotika er gale. Misbruk av alkohol kan lett føre til lovstridig åtferd. Er du påverka av rusmiddel kan du koma til å gjera noko som du ikkje ville finne på å gjera dersom du hadde vore edru. Det fritek ikkje for straff at du bryt straffelova i ruspåverka tilstand.

Du kan bli erstatningsansvar dersom du gjer skade. Endå om du er under 18 år vert du erstatningsansvarlege for skade du gjer forsettleg eller ved grov aktløyse. Foreldra dine kan og verta ansvarlege for skade du gjer forsettlig eller grovt uaktsomt dersom det har skorta på godt nok tilsyn. I alle tilfeller må dei svare erstatning for inntil kr. 5 000. Sjå lov om skadeserstatning 1969/26 §§ 1-1 og 1-2.

2. Ungdom og straff

Kvart år er det mange som gjer seg skuldige i straffbare handlingar. Mellom dei er det mange unge. I 2015 var det 4 066 i alderen 15-17 år og 17 494 i alderen 18-20 år som vart straffa - tilsaman 21 560. Nokre av dei vart straffa fleire gonger.

Ungdomane er i starten på vaksenlivet. Dei fleste vil gjerne skaffe seg utdanning og arbeid. Mange ynskjer å stifte familie og få seg hus og heim. Dei treng å låne pengar. Dei vil gjerne delta i samfunnslivet og kunne veljast til politisk arbeid, vera med i frivillige organisasjonar, verta valde som meddomarar i retten osv.

Vert du straffa, og kjem inn i straffe- og bøtere registeret, får du ei hindring for val av utdanning og arbeid og for mange andre ting i samfunnet. Dette er ein sideverknad av straffen som du kan hende ikkje tenkjer over før det er for

seint. Dersom du veit om desse sideverknadene av å gjera noko gale, og verta straffa for det, kan det føre til at du handlar annleis enn du elles ville ha gjort i situasjonen.

3. Lov og rett

I eit ordna samfunn har ein lovreglar som gjev ei rettesnor for kva som er lov å gjera. Noreg har hatt lover i meir enn tusen år. Dei eldste lovene var Gulatingslova og Frostatingslova. Magnus Lagabøters landslov kom i 1274. Noreg var under Danmark frå 1537. I 1604 vart landslova omsett til Dansk. Seinare kom Christian den femtes norske lov frå 1687. Det er bestemmelser i denne lova som framleis gjeld. Mellom anna at avtaler skal haldast. Grunnlova frå 17. mai 1814 er grunnlaget for lovene våre no. Det er sivile lover og straffelover. Det er staten som fører straffesakene, men private kan og reise straffesak. Sivile lovreglar må partane sjølve handheve.

Du kan finne lovene i lovsamlinga "Norges lover" og på Internett. Det er lover på to ulike rettsområder: sivile lover og straffelover. Døme på ei sivil lov er nabolova frå 1961 om rettshøvet mellom grannar. Er det usemje i nabotilhøve må naboane ordne opp i det sjølve, eventuelt med hjelp frå domstolane.

Straffelova (strl) var frå 22. mai 1902. Det vart vedteke ny straffelov 20. mai 2005. Den erstattar i dag straffelova frå 1902. Straffelova har reglar om kva som er straffbart. Det er straffebestemmelser i andre lover og.

Del 2

4. Behandling av straffesaker

4.1 Anmeldelse

Gjer du deg skuldig i ei straffbar handling vil du kunne verta anmeldt av den som er fornærma. Dersom du slår til Per er du gjerningsmann og Per er fornærma.

Straffbare handlingar kan meldast til politiet, jf straffeprosesslova (strpl) frå 1981 nr. 25, § 223. Påtaleinstruksen av 28.6. 1985 har reglar i kapitel 7 om korleis anmeldelsen skal behandlast. Politilova frå 4. august 1995 har reglar om politiets organisering, oppgåver og myndigheit.

4.2 Etterforskning

Politiet etterforskar straffbare handlingar, jf strpl §§ 224 og 225 og påtaleinstruksen kapitel 7.

4.3 Pågripelse

Dersom politiet mistenker deg for å ha gjort noko straffbart som kan medføre høgare straff enn fengsel i 6 månader, kan politiet pågripe deg, dersom det er grunn til å frykte for at du vil unndra deg straff, forspille bevis eller begå nye straffbare handlingar, jf strpl § 171. Pågripelse besluttes av påtalemyndigheten, jf strpl § 175. Dersom det hastar kan politiet bestemme det, jf strpl § 176. Har fornærma fått tak i deg skal han overlate deg til politiet, jf strpl § 176, 2 ledd. Vert du pågripen kan du verta sett i glattselle. Der kan du verta sitjande inntil 48 timar. Glattselle skal helst ikkje brukast for nokon som er mellom 15 og 18 år.

4.4 Fengsling

Dersom politiet vil halde på deg i fengsel må dei så snøgt råd er, og seinast tre dagar etter pågripelsen, framstille deg for tingretten, som avgjer om du skal fengslast.

Finn tingretten at det er grunnlag for fengsling fastset den ei lengstetid for fengsling, som ikkje skal vera meir enn fire veker. Tingretten må grunngje kjennelsen sin, jf strpl § 184. Vil politiet fengsle deg lenger må dei ta det opp til ny prøving i tingretten.

4.5 Avhøyr

Politiet avhøyrer deg, jf strpl § 230. Du pliktar ikkje å forklare deg for politiet, dersom du ikkje vil.

4.6 Ungdom

Er du under 18 år skal barnevernet varslast, jf strpl § 232a.

4.7 Siktelse

Du er sikta for ei straffbar handling når politiet seier at du er sikta. Det same er tilfelle dersom du vert pågripen, utsett for ransaking, beslag eller liknande, og dersom det er sett i gang forfølgning ved retten, jf. strpl § 82.

Det er politiet som reiser siktelse, jf strpl § 67.

Politiet kan innbringe deg dersom du forstyrrar ro og orden eller ferdselen, nektar å forlate staden der slikt skjer, ikkje gjev opplysningar om personalia, eller er nær stad det er gjort noko straffbar. Dette vert ikkje rekna som siktelse, og politiet kan ikkje halde på deg i meir enn 4 timar.

4.8 Kva det betyr å vera sikta for ei straffbar handling

Då har du rett til å gjera deg kjend med saksdokumenta, og du har krav på å

få oppnevnt forsvarar. Er du under 18 år skal vergen varslast til avhøyret.

4.9 Påtalemyndigheten

Politi og lensmann, statsadvokaten og Riksadvokaten er påtalemyndigheit, jf strpl 1981 nr. 25 kapitel 6.

4.10 Tiltalebeslutning

Politiet tek ut tiltale i dei minst alvorlege sakene. Statsadvokaten reiser tiltale i meir alvorlege saker. Riksadvokaten reiser tiltale i dei alvorlegaste sakene, jf strpl kap. 7. Nærare reglar om tiltale står i påtaleinstruksen kap 22.

I tiltalebeslutningen står dine personalia, kva straffebed tiltalen gjeld og kva som er grunnlaget for tiltalen.

4.11 I retten

Dersom politiet meiner at du har gjort deg skuldig i ei straffbar handling, kan saka koma opp for tingretten, jf strpl § 5. Alle straffesaker startar i tingretten. Straffesakene vert behandla av ein domar, som er jurist, med to meddomarar. Meddomarane vert trekt av to kommunale utval, eit for kvinner og eit for menn. Du pliktar å møte i retten. Etter at domaren har sett retten les han opp tiltalen for deg medan du står. Domaren spør om du erkjenner deg skuldig. Dersom du svarar nei ber han deg fylgje nøye med i det som skjer og seier at du vil få høve til å forklare deg seinare. (Har du sagt deg skuldig kan saka verta behandla enklare som tilståelsessak). Aktor får ordet for å gjera greie for saka. Forsvararen har og høve til å seia noko etter aktor. Som regel ventar forsvararen med sitt til prosedyren. Deretter får du forklare deg. Så kjem bevisførselen. Det er vitneprov, opplesing av dokument, synfaring m.m.. Til slutt er det prosedyre frå aktor og forsvarar. Før saka vert teken opp til doms får du koma med dine merknader, dersom du har det.

4.12 Dom

Tingretten skal som hovedregel seia dom innan 3 dagar etter at saka er tatt opp til doms, jf strpl § 42 siste ledd. Meiner du at dommen er feil kan du anke til lagmannsretten.

4.13 Lagmannsretten

I Lagmannsretten er det to juridiske domarar og fem lekdomarar. Det må vera minst to av kvart kjønn. For domfellelse krevst det kvalifisert fleirtal, det vil seia at minst fem domarar må stemme for å kjenne tiltala skuldig

etter tiltalen. Ein av dei må vera fagdomar. (Juryordningen vart oppheva i 2018).

4.14 Anke til Høgsterett

Du kan anke til Høgsterett dersom du meiner at lagmannsretten har feil lovanvendelse eller har gjort feil i sakshandsaminga. Du kan ikkje anke til Høgsterett over skuldspørsmålet

Del 3

5. Straff

5.1 Oversikt

Dei vanlege straffane er fengselsstraff, forvaring, samfunnsstraff, bøter og rettighetstap, jf strl § 15.

5.2 Unge kriminelle

Er du under 15 år kan du ikkje straffast, jf strl § 48.

5.3 Forelegg

I mindre alvorlege saker kan politiet gje forelegg, jf påtaleinstruksen frå 28.6. 1985 § 20.

5.4 Betinga fengselsstraff

Retten kan bestemme i dommen at fastsetting eller fullbyrding av straff skal utsettast i ei prøvetid. Det kan fastsettast for friheitsstraff og bøtestraff, jf strl § 52. Føresetnaden er at du ikkje gjer noko straffbart i prøvetida og elles opptre i samsvar med strl § 53.

5.5 Samfunnsstraff

Det kan verta idømt samfunnsstraff i staden for fengselsstraff når det elles ikkje ville ha vorte idømt strengare fengselstraff enn eitt år og dersom føremålet med straffen ikkje talar mot det. Du må samtykke til det og ha bustad i Noreg. Samfunnsstraffen kan variere frå 30 til 420 timar. Strl § 28 a har bestemmelse om samfunnsstraff og vilkåra som kan settast for å få det.

5.6 Påtaleunntatelse

I tilfelle straffeskuld er bevist kan det likevel verta gjeve påtalunntatelse dersom det ligg føre serlege grunnar for ikkje å påtale handlinga, jf strpl § 69. Meiner du at du ikkje er skuldig kan du kreve at påtalemyndigheita reiser sak for retten, dersom dei ikkje fråfell siktelsen.

5.7 Behandling i konfliktrådet

Dersom du er funnen skuldig i ei straffbar handling kan påtalemyndigheten bringe saka inn for konfliktrådet, dersom saka er eigna til det, og begge partar er enige i det, jf strpl § 71a.

Del 4

6. Gjennomføring av straffen

6.1 Fullbyrding av straff - strpl kap. 32

Straffen er meint å vera eit onde som vert påført deg for at det skal kjennast som eit onde.

6.2 Opphald i fengsel (Straffegjennomføringslova 2001/21)

Straffegjennomføringslova har bestemmelser i §§ 2 og 3 om korleis straffen skal gjennomførast. Det er om å gjera å legge tilhøva til rette slik at du kjem attende til samfunnet og hindre at du gjer nye brotsverk. For at det skal lukkast må det vera samarbeid mellom deg og fengslet. Det er arbeid og utdanning i fengslet.

6.3 Benådning

Straffeprosesslova av har bestemmelser i §§ 455 og 458 om benådning.

Del 5

7. Politiregistrering

7.1 Opplysninger hos politiet og påtalemyndigheten

Politiregisterlova av 28.5. 2010 nr. 16 har reglar om kva som skal registrerast og korleis opplysningane skal behandlast.

7.2 Reaksjonsregister

Politiet fører eit reaksjonsregister med opplysningar om fysiske og juridiske personer som har vorte ilagt straff, andre strafferettslege reaksjonar, eller andre tiltak som følge av lovbrøt. Det skal registrerast personalia, reaksjonar og tiltak - jf § 9 i lova.

7.3 Strafferegisteret

Det inneheld opplysningar om domar, vedtatte forelegg og andre avgjerder

som går ut på friheitsstraff, samfunnsteneste, rettighetstap eller utsettelse med å idømme straff, bot for forbrytelser, sikring, forvaring eller innsetting i arbeidshus og betinga påtaleunntatelse. Strafferegisteret inneheld og opplysningar om dom på innsetting i arbeidsskule, tvangsarbeid eller i kurstad. Dessutan bøter som er ilagt ved forelegg eller dom, og påtaleunntatelse i forseelsaker. Forenkla forelegg vert ikkje registrert..

7.5 DNA registeret

Politiregisterloven har i § 12 bestemmelser om kven som vert registrert i DNA- registeret.

7.6 Fingeravtrykk- og fotoregister

Politiet kan føre fingeravtrykk- og fotoregister av personer som er mistenkt eller er dømt for en handling som etter lova kan føre til friheitsstraff, jf. politiregisterlova § 13 og strpl. § 160.

Del 6

8. Vandelsattest

8.1 Vandelskontroll

Vandelskontroll må ha heimel i lov eller føresegn gitt i medhold av lov, jf politiregisterlova § 36. Det kan gis som politiattest, som vandelsvurdering og som straffeattest.

8.2 Føremålet med politiattesten

Politiattest brukast for å unngå å tilsetja arbeidstakarar som ikkje er skikka for stillinga, verksemda, aktiviteten eller annan funksjon, eller det vil medføre skadeverknader, jf

§ 37 i lova. Når politiet uttalar seg kan dei bygge sin uttalelse på det som står i politiattesten. Det gjeld og i tilfelle politiet gjev opplysningar for å forebygge eller oppklare lovbrudd, eller forhindre at ei verksemda vert utøvd på ein uforsvarleg måte. Departementet kan bestemme at færre eller fleire avgjerder kan takast med i attesten.

8.3 Ordinær politiattest

Ein ordinær politiattest inneheld dom på betinga og ubetinga fengsel, forvaring, eventuelt sikring, samfunnsstraff, eventuelt samfunnsteneste, ungdomsstraff rettighetstap, bot for lovbrudd med øvre strafferamme på fengsel i meir enn 6 måneder,

dom på overføring til tvungent psykisk helsevern eller tvungen omsorg, eventuelt sikring. Den har ikkje med betinga dom når fastsetting av straff utstår, påtaleunntatelse etter strpl § 69 og 70, bot for lovbrudd med øvre strafferamme på fengsel inntil 6 månader, forenkla forelegg, overføring til behandling i konfliktråd, jf strpl § 71a, overføring til barnevernstenesta, dom eller vedtatt forelegg som er eldre enn 3 år før utstedelsen, dom på betinga fengsel eller bot for handling av person under 18 år meir enn 2 år før utstedelsen, dom på ungdomsstraff eller samfunnsstraff dersom lovbruddet er begått av person under 18 år meir enn 5 år før utstedelsen av attesten, bøter eldre enn to år og betinga og ubetinga domar eldre enn fem å. Er den ubetinga domen på meir enn seks månader gjeld det ein 10-årsfrist.

8.4 Uttømmende og utvida politiattest

Politiregisterlova § 41 har bestemmelse om uttømmende politiattest. Den inneheld alle opplysningar i straffe- og bøterregisteret. Pågåande saker skal anmerkast dersom det er bestemt, men ikkje saker som er overført til konfliktrådet, forenkla forelegg og reaksjonar mot gjerningspersonar som er under 18 år på visse vilkår

8.5 Barneomsorgsattest

I helsevesenet, og for dei som skal ha med barn og ungdom å gjera, er det krav om fullstendig, men avgrensa politiattest. Det er visse brotsverk som fører til at søkjar ikkje får høve til å utdanne seg til slike stillingar, og ikkje får arbeide med born og ungdom.

Del 7

9. Sosiale verknader av å vera straffa

9.1 Attende til samfunnet

Dersom du har sona straffa har du gjort opp for deg i høve til samfunnet. Du kan legge saka bak deg og starte på ny. Men er du straffa vil det kunne ha ulike tilleggsverknader for deg. I det fylgjande skal eg gjera greie for noko av verknadene i det sivile samfunnet av å vera straffedømd.

9.2 Dårleg sjølvkjensle

Får du noko på "rullebladet" vil det for dei fleste gå ut over sjølvkjensla. "Du har fått ei ripe i lakken" og det er noko folk flest ikkje likar. Difor bør ein

unngå å få det.

9.3 Stigmatisering

Dersom du er straffedømd, og har sona fengselsstraff, må du rekne med at folk vil sjå på deg med kritiske augo. Det er ein konsekvens av straffen. Einaste måten å unngå det på er å la vera å gjera noko som er straffbart!

9.4 Visumnekt til USA

Er du straffa vil du ikkje få visum for å reise til USA. Einaste unntaket er dersom det dreier seg om parkeringsgebyr og mindre fartsoverskridelse, dersom det ikkje er alkohol, narkotika og ulykker inne i biletet. Har du gjort deg skuldig i narkotikabrotsverk eller moralsk kritikkverdige brotsverk ("moral turpitude") vert du nekta innreise til USA.

9.6 Førarkort

Før du kan få førarkort skal det innhentast vandelsattest for deg. Dersom den ikkje er i orden får du ikkje utstedt førarkort.

9.7 Inndragning av førarkort

Vegtrafikkloven av 18. Juni 1965 nr 4 § 33 og forskrifter av 19.12. 2003 nr. 1660 har bestemmelser om inndragning av førarkort dersom du gjer deg skuldig i overtredelse av trafikkreglene. Det er retten som bestemmer inndragingstida. Den kan i verste fall bli for alltid!

9.8 Stilling i rettsvesenet

Du får ikkje vera med i utvalget for meddommere, jf domstolloven av 13.8. 1915 § 72.

9.9 Pass

I passloven 1997/82 er det regler om utstedelse av pass. Lova har bestemmelser om forhold som medfører at du ikke får utstedt pass eller at passet ditt blir inndratt.

9.10 Tap av stemmerett

Etter grunnlova § 53 kan ein tape stemmeretten dersom ein blir dømd for straffelagde handlingar i samsvar med lovreglar om det.

Del 8

10. Straff som hinder for utdanning og arbeid

10.1. Generelt.

Tilhøva hos oss når det gjeld utdanning er gode. Det er mykje å velja mellom. Men valfridomen for deg, dersom du er straffedømd, er mindre fordi det i sume yrke er krav om plettfri vandel. I kapitel 6 i forskrift av 31.1.2007 nr. 173 for høgare utdanning er det gjeve nærare reglar om kor det krevst politiattest for utdanning.

10.2 Yrker som krev politiattest

Det krevst politiattest for mange yrker. I nokre yrker er det krav om utvida, fullstendig politiattest. I andre yrker er det krav om vanleg politiattest. Og der det er spørsmål om kontakt med born så krevst det barneomsorgsattest.

10.3. Forsvaret

Det er krav om sikkerheitskontroll dersom du vil inn i forsvaret. Er du straffedømd vil du ikkje bli sikkerheitsklarert. Det er krav om fullstendig vandelsattest for å utdanne seg i forsvaret og for å gjera teneste der. Det er krav om plettfri vandel. Du kan ikkje få militær utdanning dersom du er straffa. Og du kan ikkje ta fly eller helikoptersertifikat. Det er krav om politiattest for å gjera teneste i FN-styrkene. Det gjeld og for arbeid i militærpolitiet og for å gjera FN-teneste

10.4. Politiet

For å koma inn på politihøgskulen må du ha plettfri vandel. Det står i politilova 1995/53 § 24 b . Er du søkjar må du legge fram uttømande og utvida politiattest, jf politiregisterlova § 41. Det kan og verta innhenta opplysningar om bortlagde straffesaker og om andre tilhøve som kan ha noko å seia for vurderinga av om du er skikka. Politiyrket er stengt for deg dersom du har gjort deg skuldig i narkotikabrotsverk, promillekøyring og voldssaker Det same gjeld dersom du har fått ubetinga eller betinga dom eller er dømd til samfúnnsstraff

10.5. Securitas og vaktteneste

Søkjer du jobb i Securitas må du legge fram fullstendig vandelsattest. Det er opp til dei som tilset om du er diskvalifisert på grunnlag av vandelsattesten din.

10.6. Andre tilfeller der det er krav om fullstendig og utvida politiattest

- Søknad om norsk statsborgarskap
- Montør for alarmanlegg

- Leiar av konfliktrådet
- Arbeid i påtalemyndigheita
- Tolk i politiet
- Grensevakt
- Visum til andre land
- Politiattest til bruk i utlandet
- Teneste i heimevernet
- Arbeid i fengsel og kriminalomsorg
- For dommarar og dommerfullmektiger
- For å kunne ha fosterborn
- Arbeid i utanlandske ambassader
- For adopsjon
- Arbeid ved hoffet
- Konsul for eit anna land
- Arbeid for Gjenopptakelseskommisjonen

10.7. Krav om barneomsorgsattest

- For å vera vertsfamilie for mindreårige elever i den vidaregåande skulen
- For opptak til universitet og høgskoler
- For arbeid i skule og barnehage
- For å vera leksehjelp for mindreårige
- For arbeid i kringkasting med kontakt med born
- For arbeid i kyrkja med kontakt med born
- For arbeid i helsevesenet der ein har kontakt med born
- For arbeid for frivillige organisasjonar
- For arbeid i fritidsklubber
- For arbeid i barnevernet
- For arbeid i kulturinstitusjonar

10.8. Døme på yrker som har krav på vanleg politiattest

- Advokat
- Brannvesenet
- Arbeid i fnansnæringa
- Tilsette i stat
- Banktilsette
- Drosjeløyve
- Transportløyve
- Rettshjelper
- Trafikklærar

10.9. Yrke som ikkje har krav om politiattest,

For at ein arbeidsgjevar skal kunne kreve vandelsattest må han ha lovheimel for det. Du kan og berre få vandelsattest frå politiet dersom det er heimel for å kreve det.

I konkurranse med andre søkjarar vil arbeidsgjevaren kunne velja ein som ikkje står i straffe- eller bøteregisteret. Det ligg innanfor arbeidsgjevarens styringsrett å bestemme kven som skal tilsetjast i ei stilling og vil ikkje vera diskriminering at arbeidsgjevaren legg vekt på at du er tidlegare straffedømd, jf arbeidsmiljølova § 13-3. Dersom arbeidsgjevaren veit at du er straffa kan du risikere ikkje å få jobben trass i at du kan vera best kvalifisert.

10.10. Konklusjon

I enkelte yrker er det krav om fullstendig vandelsattest og det kan i røynda verka som eit yrkesforbud for deg i desse yrka dersom du står i straffe- og bøteregisteret.

For arbeid og verv som har med born å gjera er det krav om barneomsorgsattest. Det er fleire straffebud som vil vera til hinder for å få utdanning og arbeid som har med born å gjera, dersom dei står i vandelsattesten din

For andre yrker er det lovheimel for å kreve vanleg politiattest. Det vil då vera ei konkret vurdering om det som står i politiattesten din vil vera til hinder for at du får jobben, jf strafferegistreringslova § 37.

I atter andre tilfeller er det ikkje er heimel for å kreve vandelsattest. Det hender at nokon vert tilsette i ei stilling som dei ikkje ville ha fått dersom arbeidsgjevaren hadde visst om at ho eller han var straffa.. Det er rimeleg at ein arbeidsgjevar vil unngå å koma i ein slik situasjon. Men slik det er i dag har ikkje slik arbeidsgjevar krav på at arbeidstakaren legg fram vandelsattest. Men dersom arbeidsgjevaren veit at du er straffedømd er det ikkje diskriminering å sjå bort frå din søknad og velja ein som er ustraffa til jobben.

Fullstendig oversikt over i kva tilfelle det er krav om politiattest og kva slag attest som kevtst finn du ved å søke på *Politiattest-formål* på Internett.

Oppsummering

Du må rekne med å verta straffa dersom du gjer noko som er straffbart. Straff er eit onde som er meint å vera eit onde. Det er ein advarsel til deg og skal tene til skrekk og advarsel for andre!

Di handling råkar ikkje berre deg, den råkar den som er fornærma i saka og din familie. Og den går utover heile samfunnet. Det kan føre til store utgifter om du gjer noko som er straffbart. Det er utgifter til politietterforskning, til straffesakbehandling i domstolane, utgifter med soning i fengsel, arbeid for kriminalomsorgen m.m. Og får du ikkje arbeid etter at du har sona straffen kan du havne hos Nav som trygde- og sosialhjelpklient. Pengane kunne koma betre til nytte elles i samfunnet.

I 2013 var det nær 24 000 ungdomar som øydela for seg sjølve ved å verta straffa for brotsverk som dei hadde gjort seg skuldige i. Det er menneskeleg å feile, og dei fleste gjer feil av og til. Mange gjer feil i ruspåverka tilstand. Då kan du handle på ein måte som du ikkje ville ha gjort dersom du hadde vore edru. Eit steg på vegen for å unngå å koma i strafferegisteret vil difor vera å *unngå misbruk av alkohol og la vera å bruke narkotika.*

Med tanke på alle problem straffen kan føre med seg for deg er det viktig å få ein plettfri vandelsattest frå politiet. Det vil du få dersom du ikkje kjem i straffe- eller bøteregisteret. Det er ditt val om du kjem inn i desse registra- eller du unngår det. Eit val som kan vera avgjerande for di framtid.

Sverre Thune